


Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 3 - JUNI 2013 45. ÅRG.



Fokus på trusopplæringa
Side 4



Nytt misjonsprosjekt
Side 8



Møt Sverre Gabrielsen
Side 11



Sommar i kyrkjene på Jæren
Side 12

Bryne - Time - Undheim sokn

Kyrkjekontoret	tlf. 51 77 03 77
Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00	
Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne	
heimeside: http://www.time-kyrkja.no	
e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no	
telefaks	tlf. 51 77 03 60
Prost: Kjell Børge Tjemsland	tlf. 416 38 048
Sokneprest: Stein Ødegård	tlf. 911 57 105
Sokneprest: Gunnar Frøyland	tlf. 958 73 847
Kateket: Ingfrid Time Nærland	tlf. 970 99 661
Diakon: Torild Egeland Reime	tlf. 911 81 696
Sekretær Bryne sokneråd:	
Elisabeth Obrestad	tlf. 51 77 03 64
Sekretær Time sokneråd:	
Elisabeth Obrestad	tlf. 51 77 03 64
Sekretær Undheim sokneråd:	
Hanne Brit Sandsmark	tlf. 996 26 157
Sekretær: Kari W. Ødegaard	tlf. 51 77 03 77
Sekretær: Siri Vik	tlf. 51 77 03 76
Kyrkjevevjerje: Olav Vegard Søyland	tlf. 51 77 03 69
Konsulent: Tor Aase	tlf 51 77 03 63
Prosjektleiar trusopplæring:	
Jorunn M. Ueland	tlf. 975 07 517

Time

Organist: Oddny Underhaug	tlf. 900 11 178
Kyrkjetenar: Alf Einar Weseth	tlf. 996 19 121
Soknerådsleiar: Karin Lima Friestad	tlf. 900 21 635
Klokkar: Sofie Braut	tlf. 986 55 128
Time kyrkjegard	tlf. 51 48 32 84

Bryne

Kyrkjetenar: Alf Einar Weseth	tlf. 996 19 121
Organist: Per Olav Egeland	tlf. 900 18 708
Klokkar: Leif Andenes	tlf. 909 93 176
Soknerådsleiar: Ruth Stabel Berg	tlf. 938 31 623
Barne- og ungdomsarbeidar:	
Jorunn Pettersen	tlf. 51 77 03 72
Kyrkjelyduttviklar: Bjørn Inge Hauge	tlf. 51 77 03 77
Ungdomspastor: Johannes Kleppe	tlf. 95 14 26 02

Lye forsamlingshus

Heimeside http://www.lyeforsamlingshus.no	
Ungdomsprest: Ole Tørring	tlf. 951 78 971
Leiar forsamlingsstyret: Arne Heggheim	tlf. 900 34 326
Administrator Lye: Sigurd Idland	tlf. 466 98 050

Undheim

Sokneprest: Per Børge Hillestad	tlf. 934 42 919
Kyrkjetenar: Hans Undheim	tlf. 900 37 560
Soknerådsleiar:	
Kåre Sigurd Undheim	tlf. 51 48 43 07
Undheim kapell	tlf. 51 48 68 20

Besøk vår nettside:

www.time-kyrkja.no

E-post sokneråda:

Time sokneråd: time@soknerad.no

Bryne sokneråd: bryne@soknerad.no

Undheim sokneråd: undheim@soknerad.no



Gunnar Frøyland

Ei fantastisk helg ligg bak meg. Sol frå skyfri himmel. Temperaturar opp mot tretti grader. Sette eg meg ned kunne eg sjå korleis skogen grønka minutt for minutt. Livet fossa fram som flomstore bekkar. Frå skogen steig ein stille lovsong mot Gud, angar, sus av insekt og våryrt fuglekvitte.

Det var pinse. I all si kraft ropa naturen til meg om Gud, min skapar og livgjevar. «Jorda var aud og tom, mørker låg over djupet, og Guds ande svedde over vatnet. Då sa Gud: «Det skal bli lys!» Og det vart lys. (1. Mos. 1,2-3). I Salme 104,30 står det: «Du sender ut din Ande og dei vert skapte.» Gud skaper ved Anden og Gud held livet oppe ved Anden. Anden fyller verda med liv. Grundtvig skriv: «Alt skapes av den Ånd som daler, alt virkes av den Ånd som taler,» (Norsk Salmebok 222).

I brevet til romarane 1,19-20 skriv Paulus: «For det ein kan vita om Gud, ligg ope framfor dei; Gud har sjølv lagt det ope fram. For hans usynlege vesen, både hans evige kraft og hans guddom, har menneska kunna sjå og skjøna av gjerningane hans heilt frå verda vart skapt.»

Den heilage Ande opnar augo våre så me ser Gud, hans makt og kraft gjennom livet som fyller skapningen rundt oss.

I evangeliet etter Johannes 16,14-15 seier Jesus om Sanningsanden: «Han skal ta av det som er mitt, og forkynna for det for dykk. Alt det som Far min har, er mitt.» Den heilage ande forkynner Jesus for oss. Anden lar oss kjenna at Guds kjærleik til oss gjennom det Jesus vår bror gjorde. Han døydde til soning for syndene våre. Han stod opp for at me skal stå opp i ei oppstode lik hans. Han gjorde synleg for alle at Gud elskar dei og har glede i dei.

Det sant åndelege løfter oss ikkje bort frå det sant menneskelege. Den heilage ande opnar augo våre så me ser Gud si gjerning i alt som lever. Den heilage ande opnar augo våre så Jesu død vert til soning for kvar den som trur. Den heilage ande opnar augo så me ser Jesus og tenar han i kvart menneske me møter. Slik Jesus vart sant menneske, vert me sanne menneske ved han.

Ein travel dag hadde eg ikkje gitt meg tid til å sjå skogen spretta. I travle dagar gjev eg ikkje Anden rom til å røra ved meg. Travel tenkjer eg at eg er midt i livet. Sanninga er at eg i det travle har gøymt meg for livet. Når eg går ut av det travle og lar Anden opna augo mine, då ser eg at verda høyrer Gud til, at eg høyrer Jesus til og at han gjev meg til dei menneska han lar meg møta. Sant liv i Anden lever eg der eg er, nær verda, nær Gud og nær menneske. Sant åndeleg er eg til stades der eg er.

Gunnar Frøyland

Til ettertanke

Åndeleg og til stades

Min Salme

Jesus, livets sol og glede

*Jesus, livets sol og glede,
her i brød og vin til stede,
av din helhets fylde gi oss!
Fra vårt eget mørke fri oss!
Livets sønderbrutte deler
bringer vi deg når vi kneler.
La vår altergang få være
oss til frelse, deg til ære.*

*Hellig stund! I denne handling
mottar vi vårt livs forvandling.
Det som skjer er skjult i tiden,
men skal åpenbares siden.
Til vårt støv, her i det lave,
kommer du med Livets gave,
ved ditt bord, som alles tjener
du deg selv med oss forener.*

*Med den kjærlighet som bandt oss
til ditt liv, er du iblant oss.
Ja, ditt nærvær gjennombever
dypet i oss, og vi lever:
Vi skal seire ved å tape,
vi skal dø, og du skal skape
i vårt liv ditt eget bilde,
Jesus, livets grunn og kilde!*

*Tekst: Svein Ellingsen,
etter Johann Franck
Melodi: Johann Crüger*



Ragnhild Hanssen

“Til Jesus kan eg koma med alt. I nattverden kjem eg fram med alt som er i mitt liv, og det som er «sønderbrutt» kan Han gjere heilt igjen.”

Som bedehusjente frå Bømlo var det ikkje salmeboka eg kjende best til frå barndom og ungdom. Denne salmen var heilt ukjend for meg fram til eg flytta til Oslo som student på midten av nittitalet. Der fekk eg jobbe i Hauketo-Prinsdal menighet som organist, og der vart salme nummer 650 i Salmeboka presentert for meg. Eg vart glad i han med ein gong. Etter det har eg han svært ofte på salmelista når eg får vere med og plukke ut salmar til gudstenesta.

I denne salmen seier Svein Ellingsen på ein så god måte noko av det som er det mest sentrale i den kristne bodskapen, nemleg at Jesus kan gjere alt nytt. Han gjev oss si gåve, heilt ufortent, og Han vil ha fellesskap med oss!

Nattverden er for mange noko litt mystisk og uforståeleg. For meg er nattverden ein møteplass, der Gud møter meg og alle rundt meg med sin nåde og kjærleik, og me får ta del i det Jesus gjorde på korset.

Eg vert fylt av takksemd kvar gong eg syng desse orda. Tenk å ha ein stad å koma til med alt. Tenk å ha ein Herre som kan gjere alt nytt, som gjev meg sjølve livet i gåve, som ønskjer å vere nær meg og som er sjølve «livets grunn og kilde».

Ragnhild Hanssen



Gi til NMS – få skattefradrag!



**Det Norske
Misjonsselskap**

BROBYGGER I ORD OG HANDLING

Konto: 8220 02 85030 • Tlf: 51 51 61 00 • www.nms.no

**Vil du gi en gave
til Normisjon?**



Kontonr: 1503.02.13537

Husk å øremerke gaven hvis du vil den skal gå til noe spesielt.

www.normisjon.no

Foto framside: Bryneåno ved Timegården og Serigstad, 19.07.2004 Njål Underhaug

Helgedagen

Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Ragnar Time, Gunnar Frøyland, Arnfinn Vigrestad, Gabriel Tengsareid og Knut Aalgaard. Layout: Gabriel Tengsareid og Knut Aalgaard.

Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen@lyse.net og må vera oss i hende innan 30. august.

Neste nr. kjem ut ca. 18. september 2013.



Dei lærer det vel på skulen?

Trusopplæringa er for alle!

Me som gjekk på skulen på 1960 talet og før det lærte det på skulen. På skulen lærte me forteljinga om Jesus og mange andre forteljingar frå bibelsoga.

Me lærte å be. Vårt Fadervår var ein del av skuledagen. Me pugga salmar og song dei. Me kunne dei 10 boda, det doble kjærleiksbodet og den gylne regel. Kristentrua hadde sin opplagde plass i vår felles skulekvardag. Skulen tok hand om kyrkja si trusopplæring.

Frå 1969 og utover hadde ikkje skulen lenger ansvaret for kyrkja si trusopplæring. Kristendomsfaget hadde likevel stor plass i skulen og mange stader var endringane lite synlege. Endringa som var vedteken i 1969 hadde i 1997 blitt ein naturleg del av tenkinga i skulen. Kristendomsfaget vart erstatta av KRL (Kristendom, religion og livssyn). Frå då av var det klårt at kyrkja sjølv måtte ta hand om trusopplæringa. For skulen som blei til på 1700-talet var det ein berande tanke at den skulle hjelpe kyrkja med opplæring i kristentrua. Den tanken har ikkje lenger plass i den offentlege skulen.

Kan me døypa utan å tilby om opplæring?

Skulen hadde drive 315 timar trusopplæring for alle. Kven

skulle no gjera dette? Korleis skulle det finansierast? I 2003 vedtar Stortinget trusopplæringsreforma. Fleirtalet i stortingskomiteen skriv: «hensikten med reformen er å sikre at alle menigheter i Den norske kirke og andre tros- og livssynssamfunn får mulighet til å tilby opplæring til barn og unge.» Sidan då har kyrkja drive forsøk og utviklingsarbeid. Kyrkjelydane i Time har vore så heldige å vera forsøkskyrkjelydar. Me har kome eit godt stykke på veg mot eit opplegg for trusopplæring hos oss, men mykje er enno ugjort.



Trusopplæringa - Vekkjer tru

Kva er nytt i 2013?

Kyrkjelydane i Jæren prosti har frå 2013 fått løyvingar og er tatt med i trusopplæringsreformen. For fleirtalet av kyrkjelydane gir dette nye pengar. Kyrkjelydane i Time får mindre tilskot ein dei hadde som forsøkskyrkjelydar. Vår utfordring er å drifta vidare dei tiltaka me alt har og vidareutvikla arbeidet med mindre pengar enn før.

Sokneråda tenkjer offensivt.

Sokneråda tar utfordringa med stort pågangsmot. Dette skal me få til, seier dei. Alle tre sokneråda har gått for å samla inn pengar til å driva trusopplæring og løna medarbeidarar. For å nå dei store måla og tilby trusopplæring til alle døypte, og andre som vil vera med, treng me at du ser kor viktig det er. Me treng deg som er forelder, er fadder, er besteforelder, ja, du som bryr deg om at barna skal bli kjend med Jesus. Me treng deg som forbedar, som medhjelpar, som framsnakkar og som økonomisk støttespelar.

Kva skjer no?

- Stillingsstrukturen er tilpassa omlegginga frå forsøk til drift.
- Nye stillingar er eller blir lyste ut
- Me vil vidareføra tiltaka me har
- Me vil skapa nye tiltak
- Me skal laga lokal læreplan i alle sokna

Kva vil me?

Me vil: « ei systematisk og samanhengande trusopplæring som

- vekkjer og styrkjer kristen tru
- gir kjennskap til den treeinige Gud
- medverkar til kristen livstolking og livsmeistring
- utfordrar til engasjement og deltaking i kyrkje og samfunnsliv

For alle døypte i alderen 0-18 år, uavhengig av funksjonsevne.»

For alle!

Barn i Noreg er fødd me rett og plikt til opplæring. Vil de at NN skal døypast til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og oppsedast til eit liv i den kristne trua. Dette er spørsmålet foreldre og fadrar får og svarar ja til ved dåpen. Eg drømmer om at det skal bli like opplagt for foreldre som har døypt borna sine, å senda dei på trusopplæring som det er å senda dei på skulen. At barna lærar å kjenna trua dei er døypte til er deira rett. Å gje dei denne opplæringa er foreldre og fadrar si plikt. Det skjer først og fremst heime, når ein i heimen bed ilag, les bibelen ilag, går saman til kyrkje, snakkar om kor Gud er i ulike livssituasjonar og lærar rett og galt av Jesus. Så vil kyrkja vera hjelp for heimen, som skulen er hjelp for heimen. Kyrkja vil tilby alle opplæring i trua. Kyrkja er oss som er døypte. Bli med og gje trua på Jesus til dei som veks opp.

Gunnar Frøyland



Over: Trusopplæringa - Vekkjer tru

Under: Trusopplæringa - Lærer å kjenne Jesus



Trusopplæringa - Livsmeistring

Løvegjengen i Time kyrkje



Leikar og mat, med god plass på avstengd parkeringsplass utafor Time kyrkje.

Løvegjengen i Time kyrkje feira Kyrkja sin fødselsdag med pinsefest 19. mai 2013

Borna i Løvegjengen var med i første del av gudstenesta i Time kyrkje 1.pinsedag. Der stilte dei med forsongarar til pinsesongar som er laga for barn. Det var ein flott start på gudstenesta.

Pinse det er glede.
T: Erling Dittmann
M: Harald Herresthal

1 Pinse det er glede, pinse det er sol,
rundt deg kan du se det- hvitveis og fiol.
Gud har kledt naturen til en sommerbrud,
og han smiler til oss: Se mitt pinsebud.

2 Pinse, det er sommer, pinse, det er sang,
hør at sommer'n kommer med sin jubelklang.
All hans skapning synger i sitt høytidsskrud,
og han smiler til oss: Hør mitt pinsebud.

3 Pinse, det er gave: Gud har sendt sin ånd.
Liljen i hans have vitner om hans hånd.
Derfor er vi glade, og vi takker Gud
over pinsen under og hans pinsebud.

Etterpå gjekk dei ut i den nydelege vårdagen og feira Kyrkja sin fødselsdag med stor pinsefest.
Her vart det feira på bursdagsvis; bl.a servering av pølser med tilbehør og gele med vaniljesaus.
Parkeringsplassen var stengt av og det vart arrangert leiker.

OU



Soknerådsleiar og leiar i Løvegjengen, Karin Lima Friestad i lag med leiar i Løvegjengen og medlem i soknerådet, Karete Fosse. Dei har stelt i stand pølser og gele.

Faktaboks
Løvegjengen er søndagsskulen i Time kyrkje. Det er to grupper. Dei minste i alder til og med 2. klasse, held til på Kyrkjetoget. Dei som er større blir kalla Tårnløver og held til i Tårnrommet.

Koret Jærklang skal på tur!



Magnar Halvorsen og Jan Rosland sat i fjor ein ettermiddag i Spania – nærmare bestemt i Sjømannskyrkja i Torrevieja like sør for Alicante og snakka med diakonen i kyrkja, Jostein Obrestad. I den samtalen hadde dei nemnt at på Bryne hadde dei eit blandakor – Jærklang, eit habilt kor av vel vaksne kvinner og menn, som sikkert både kunne tenkja seg, og trong ein utanlandstur!

Jostein Obrestad tende på ideen – det måtte vera strålende å få eit kor ned til Spania hausten 2013!

Ideen vart lufta i styret. Der måtte ein ta ei avgjerd om me skulle satsa på ein utanlandstur – for første gong? Styret trong ikkje lang tid til å bestemma seg – ein Spaniaturløp ville vera midt i blinken! Så då var det berre å setja i gang planlegging. Heldigvis hadde me Magnar Halvorsen, lokalkjent i området der nede, som ordna mykje av det praktiske. Han og Bjørg har leilighet i Rio Mar der koret skal bu, og han har gjort ein stor jobb for å få alt på plass. Flybillett, overnatting og transport har han ordna opp i, så me andre går på ein måte til «dekka bord».

Me vert ein heil flokk – 48 tilsaman - 46 frå koret + Åsulf og Ingrid Kvammen som vert med oss. Tre av songane koret skal opptre med i Spania, er skrivne av Åsulf Kvammen. I tillegg til solistoppgaver, vil han ta med trompeten og bidreg på den måten til å gje koret eit ekstra løft!
Flott at dei to ville prioritera ei veke saman med Jærklang!

Tidleg på morgonen, laurdag 21. september vil ein SAS maskin letta frå Sola med kurs for Alicante – med mange forventnings-

fulle songarar om bord!

Koret skal bu i Rio Mar – ein 15-20 minutt kjøring frå Torrevieja i leiligheter, og ha det som utgangspunkt for den veka me kal vera i Spania.

Søndag ettermiddag skal Jærklang delta på gudsteneste i Sjømannskyrkja i Torrevieja. Det skal verta kjekt!

Tysdagskvelden skal koret ha konsert i Sjømannskyrkja – repertoaret vil spennast frå norske folkeviser til åndelege songar og salmar – noko som skulle passa bra i ei Sjømannskyrkje, trur me!

Det er og planlagt ein dagstur via Alicante til Solgården der me og skal synga på eit arrangement.

Elles legg me opp til ein del sosiale samvær, og ikkje å forgløyma – soling og bading! Det høyrer med når me reiser til sydlige breddegrader!

Jærklang ser fram til Spaniaturen! Til å få vera saman ei veke i skjemt og alvor, og ikkje minst få lov til å bringa ut **Evan-geliet** – gjennom songen.

AV

Sommertilbud

Kun kr 395,- ut dette året og hele 2014
(vanlig årsabonnement kr 395,-)

Ring NMS-infosenter:
51 51 61 00 (fra kl. 09.00-14.00)

Møt "hele" verden gjennom
misjonstidende

Nytt misjonsprosjekt Bryne kyrkjelyd

Bryne sokneråd gjorde i sak 5/13 vedtak om misjonsprosjektet «Opprustning av bibel- og presteskolar på Madagaskar, Det Norske Misjonsselskap» som eit av kyrkjelyden sine misjonsprosjekt. Prosjektet startar opp hausten 2013 for ein periode på 3 år, ut 2016.

Internatbygg til 32 ugifte elevar – innsamlingsmål: 149 000 kroner

Frå 1867 til i dag har det vore eit nært samarbeid mellom den lutherske kyrkja på Madagaskar og Norge, representert ved Det Norske Misjonsselskap. Kyrkja er i sterk vekst. I snitt blir det starta éin ny kyrkjelyd kvar veke og behovet for opplæring og leiarutdanning er enormt. Ungdommar står i kø for å koma inn på presteskolane, men bygningar er til nedfalls og det er uverdige forhold for elevane.

Presteskolen Alakamisy Ambohimaha skal utdanna ungdom til teneste i tre av synodane (bispedømme) i den gassisk-lutherske kyrkja. Staden er sentralt plassert og lett å koma til. Det var derfor presteskolen blei flytta hit for kort tid sidan.

Skolen har seks bygningar. Sjølve skolebygninga er rehabilitert med pengar frå Norge, men dei andre bygningane treng òg opprustning. Det er nå plass til 40 elevar, men

Den rehabiliterte skolebygninga. Elevane går ut av klasserommet med egne stolar

ønsket er å skaffa internatbygningar til minst 70 fleire elevar.

Prosjektet Bryne er i gang med består i å oppføra eit internatbygg. Det skal gi rom til 32 ugifte prestelevar, og 4-5 elevar på kvart rom er ikkje uvanleg.

Innsamlingsmål: 149 000 kroner.



Athanse og Njaka bur i kjellaren bakom nokre gardiner

Planane er klare. Saka dreier seg først og fremst om å skaffa pengane som trengst for å få jobben gjort. Dersom dugnadsinnsats er aktuelt vil NMS vera med å leggja til rette for dette, men deltakarar frå Norge må betala reise og opphald sjølve. Det er planar om ein felles Madagaskartur til fleire opprustningsprosjekt våren eller sommaren 2014.

Kontonummer for å gi pengar til prosjektet: 82200285030.

Merk med prosjektnummer 523 357.

Takk for di gåve til dette!

Faktaboks

Madagaskar har 22 mill innbyggjarar.

77 % lever under fattigdomsgrensa (inntekt mindre enn 7 kroner dagen)

Barnedødelighet på 5 %

Berre 73 % av barn i skolepliktig alder går på barneskolen

35 % av vaksne er analfabetar

Helsebudsjettet er kutta med 30 % under den politiske krise



Kjøkkenet er under verandatrappa for dei som bur i kjellaren



Liv Ingunn Serigstad

Liv Ingunn Serigstad frå Bryne reiste til Madagaskar 13. mars 2013 for å vitja søstera Gro og mannen, som var på eit fire månaders opphald for Det Norske Misjonsselskap og budde på Antsirabe.

På ein todagarstur sørover var presteskolen Alakamisy Ambohimaha første stopp. Undervisninga for dagen var då slutt og alle var samla i kyrkja, der ein av studentane hadde prøveeksamen. Gjestene fekk med seg gudstenesta med mykje flott song.

Liv Ingunn opplevde Madagaskar som eit flott og spanande land å koma til. Det blei to veker med mykje opplevingar, kyrkjebesøk, nasjonalpark og nydeleg gassisk mat og frukt.

Hans Austrnaberg

Barnefattigdomsprosjektet

– eit samarbeid mellom Time og Klepp



Projektleiar Trond Nessa

Økonomi flagrar som eit bakteppe på alle arenaer i dag. I tidleg alder vert også dei yngste klare over det. Samtalen med Trond Nessa, ved NAV kontoret på Bryne, vekte meg. Han er prosjektleiar for "Barnefattigdomsprosjektet", eit samarbeid mellom kommunane Time og Klepp. Prosjektgruppa er tverrfagleg. NAV, barnevern, skule, barnehage og kommuneadministrasjon er medspelarar. Prosjektet har som mål å støtta vanskelegstilte barn og unge. Det fell faktisk i dyraste laget for nokre familiar å vera velfungerande i dette "beste landet å bu i."

Underteikna er representant for ein generasjon som organiserte si eiga fritid i lag med venene. Veka gjennom trong me ikkje pengar i lomma verken til transport, inngangsbilletter eller ekstra utstyr. Leik og fritidssysler var gratis, ball og hoppetau storveges utstyr. Slik er det ikkje lenger. Nå opplever dei unge veldig mange gode organiserte fritidstilbod, og det kostar. Ja, til og med aktivitetar i skulesamanheng kan føra til store utlegg: skuleturar i inn- og utland, idrettsarrangement og skiturar som krev passande og moderne utstyr. Kan du ikkje betala, er det fort gjort å verta utanfor og "annleis" i kameratflokk. Det kan medføra mykje. I handlingsplanen for dette prosjektet finn eg fylgjande, skrive av ein elevrådsformann: "Det er litt rart å tenke på at noen ikkje har så mange ting som me he, og då pleie dei å sjule det for dei vil ikkje at noen skal mobbe dei for dei er fattigare enn oss andre."

Prosjektleiar Trond Nessa informerer

Fafo (uavhengig stiftelse som forskar på arbeidsliv, velferdspolitikk og levekår, nasjonalt og internasjonalt) har tidlegare kartlagt problema og funne at talet på vanskelegstilte barn i Norge er stigande. Ein solid handlingsplan for Time og Klepp er nå klar, og eitt år av det treårige prosjektet unnagjort. Målet med prosjektet er å førebyggja og redusera fattigdom og sosial ekskludering blant barn, unge og barnefamiliar. Det er også konstatert ein negativ samanheng mellom sosioøkonomisk bakgrunn og helse, noko som er ei stor utfordring. I Time var

Prosjektet har som mål å støtta vanskelegstilte barn og unge. Det fell faktisk i dyraste laget for nokre familiar å vera velfungerande i dette "beste landet å bu i."

det i 2010 registrert 238 barn i denne gruppa, noko som er ei fordobling frå år 2000. Frå 2002 har statlege handlingsplanar mot fattigdom fått tydelegare fokus på oppvekst og levekår for familiar med låg inntekt. Staten har oppmoda kommunane til å ta fatt i desse realitetane. Forsking fortel at unge i slike livssituasjonar, i langt større grad enn andre, sjølve kan oppleve det same i sitt vaksne liv, ein type sosial arv.

Kva er fattigdom ?

Me forbind helst fattigdomsomgrepet med andre land, krigsherjingar og omtale i media. TV matar oss med ei biletverd frå utviklingsland som syner mangel på dei basale materielle goda som mat, klede, helseilsyn og nå også utanlandske tiggjarar i det norske gatebiletet.

I utvikla land er det vanleg å bruka ein relativ definisjon av ordet fattigdom. Her tolkar me omgrepet for det å ikkje kunna halda fylgje med inntektsnivået eller levestandarden til andre i samfunnet som det er naturleg å samanlikna seg med. Det kan vera mange og komplekse grunnar til at menneske hamnar i eit økonomisk uføre: Foreldre utan arbeid, sjukdom, eineforsørgjarar, store barnefamiliar og nye nordmenn utan tilfredsstillande språkkunnskap. Dette kan medføra at barna ikkje vert stimulerte i heimemiljøet, ikkje deltek i fritidsaktivitetar og slik lever utan eit sosialt liv og nettverk. Men om det skortar på økonomien, kan desse heimane ha flust av gode verdiar å formidla til sine barn.

Trond Nessa seier tilslutt at handlingsplanen deira har fem strategiar for si støtte:

1. Få folk i arbeid og sikre rimeleg inntekt i barnefamiliar
2. Sosial inkludering av barn og unge i fritida
3. Arbeida for å hindra sosial ekskludering i barnehage og skule
4. Kompetanseheving i kommunane
5. Trygg og sikker plass å bu for alle

For å lukkast med dette har gruppa mange idéar og planar på sitt bord. Lukke til med eit svært viktig arbeid!

emb



- Endringane på Bryne er heilt eventyrlege, seier Sverre Gabrielsen

- Arbeidet har gitt meg glede!

Brynemannen Sverre Gabrielsen (83) ser med glede tilbake på eit liv med mykje hardt arbeid.

– Eg har alltid likt å arbeida, seier han i samtale med Helgedagen. – Arbeidet har gitt meg stor glede sjølv om det var tunge tak med nattarbeid og lite fritid.

Sverre har i heile sitt arbeidsliv drive innan konditorfaget. Dei siste 32 åra før han slutta av, frå 1962 – 94, hadde han eiga bedrift. Han laga seg bakeri i kjellaren heime. Varene frakta han til Sverres Konditori der mange jærbruar har kjøpte syrekaker og anna godt.

Og då baka du alt sjølv heime, tidleg om morgonen?

Ja, om natta! Det var opp omlag kl 02 kvar natt unntatt søndag. Eg hadde andre som ekspederte i konditoriet, så eg kunne leggja meg utpå føremiddagen. Det var eit slit, men det var kjekt så lenge helsa var god.

Kva med sommarferie og aktivitetar på fritida?

Då eg var arbeidstakar hos andre, hadde me to veker sommarferie. Men det var ikkje aktuelt å dra på lange turar. Me heldt oss på Jæren. Var det fint ver, sykla me gjerne til stranda. Det er gode minner. Men etter at eg starta for meg sjølv, hadde eg aldri ferie å sjå fram til. Det var inga ordning med vikar eller avløyning. Det hende etter kvart eg fekk ordna med ein annan leverandør ein dag eller to, slik at eg fekk fri ei langhelg. Då blei det kanskje ein telttur. Me hadde ikkje store forventningar til sommarferien.

Du etablerte deg tidleg med hus og familie?

Ja, eg gifta meg i 1951 med Anna Øgreid. Me fekk 4 døtre. I 1953 skaffa me oss tomt. Den rydda eg og gjorde utgravinga sjølv. Og eg støyppte alle blokkene som ein murar seinare sette opp. I 1955 flytta me inn.

Korleis har Bryne endra seg sidan du starta i arbeidslivet like etter krigen?

Eg var ti år då krigen starta. Så eg huskar godt tyskarane som tok seg til rette. Me unge fant heile tida på ting utan at vaksne planla for oss. Frå etterkrigstida og fram til i dag er endringane så store at det er vanskeleg å beskriva. Det er ei heilt anna tid nå, både når det gjeld utbygging, velferdsordningar og folk sine haldningar.

Sverre bur nå åleine i huset han bygde i femti-åra. Kona har dei siste åra vore sjuk og pleietrengjande. Ho har i mange år vore på Sivadamsenteret, men er nå på Bryneheimen. Sverre er på besøk kvar einaste dag. Fleire generasjonar har vokse fram i familien. Det eldste oldebarnet er blitt 18 år.

Kva betyr Sivadamsenteret for Brynebyen?

Det er eit fantastisk gode for heile kommunen at me har eit så stort og aktivt omsorgsenter. Det er godt for dei pleietrengjande, for pårørande, ja, for alle i kommunen. Velferdsenteret har tilbod og aktivitetar som har stor sosial verknad. Eg har berre godt å seia om senteret og dei tilsette der.

RT



Time kyrkje



Bryne kyrkje



Undheim kapell



Frøyland Orstad kyrkje



Klepp kyrkje



Bore kyrkje



Orre kyrkje



Brekko kapell

Velkommen til gudsteneste i kyrkjene våre!

Søndag 16. juni

- Bryne kyrkje kl 11.00. Dåp. Hans Austnaberg. Per Olav Egeland.
- Time kyrkje kl 11.00. Nattverd. Dåp. Stein Ødegård. Oddny Underhaug.
- Ogna, friluftsgudsteneste Åsane kl 11.00. Gaute Øgreid Rasmussen. Geir Palle Haarr.
- Nærbø kyrkje kl 11.00. Dåp. Roald Byberg. Morten Jostein Helvig.
- Varhaug kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Dag Øyvind Østereng.
- Dirdal kyrkje kl 11.00. Nattverd. Bjarte Hetlebakke. Organist Arne Warem.
- Ålgård kyrkje kl 11.00. Dåp. Oddbjørn Stangeland. Ragnhild E. Hoel
- Bore kyrkje kl 11.00. Nattverd. Åsmund Steinnes. Ove Byberg.
- Klepp kyrkje kl 11.00. Dåp. Andreas Haarr. Ola Sotnakk.
- Orre kyrkje kl 11.00. Dåp. Jarle Minnesjord. Arne Hadland.
- Frøyland og Orstad kyrkje kl 10.30. Dåp. Sigve Ims.

Søndag 23. juni – Jonsokafta

- Lye forsamlingshus kl 10.30. Nattverd. Gunnar Frøyland.
- Bryne kyrkje kl 11.00. Dåp. Per Børge Hillestad. Oddny Underhaug.
- Ogna kyrkje kl 11.00. Dåp. Roald Byberg. Bjarte Lending.
- Varhaug kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Gaute Øgreid Rasmussen. Morten Jostein Helvig.
- Gjesdal ungdomsskule kl 11.00. Nattverd. Kristine S. Kristiansen. Musikkteam. Grilling etter gudsteneste.
- Oltedal kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Jarle Minnesjord. Organist Arne Warem.
- Orre gamle kyrkje kl 19.00. Jarle Minnesjord. Solist Ann Kristin Sørvåg. Organist Arne Hadland.

Måndag 24. juni – Jonsok

- Pilegrimsvandring. Start kl 18.00 frå 1000-årsplassen ved Obrestad hamn via Kristkrossen på Njærheim til Obrestad fyr. Ta med mat og drikke.

Søndag 30. juni

- Undheim kyrkje kl 10.30. Dåp. Nattverd. Kjell Børge Tjemsland. Oddny Underhaug.
- Nærbø kyrkje kl 11.00. Nattverd. Gaute Øgreid Rasmussen. Bjarte Lending.
- Varhaug kyrkje kl 11.00. Nattverd. Roald Byberg. Morten Jostein Helvig.
- Gjesdal kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Kristine S. Kristiansen. Ragnhild E. Hoel.
- Frøyland og Orstad kyrkje kl 10.30. Dåp. Andreas Haarr. Ove Byberg.

Søndag 7. juli

- Time kyrkje kl 10.30. Dåp. Nattverd. Kjell Børge Tjemsland. Oddny Underhaug.
- Ogna kyrkje kl 11.00. Nattverd. Roald Byberg.
- Nærbø kyrkje kl 11.00. Dåp. Vikarprest. Organist: Bjarte Lending.
- Ålgård kyrkje kl 11.00. Dåp. Oddbjørn Stangeland. Arne Warem.
- Klepp kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Andreas Haarr. Ove Byberg.

Søndag 14. juli

- Bryne kyrkje kl 10.30. Dåp. Nattverd. Kjell Børge Tjemsland. Oddny Underhaug.
- Dirdal kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Oddbjørn Stangeland. Organist Ragnhild Hoel.
- Varhaug kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Dag Øyvind Østereng. Bjarte Lending.
- Ogna kyrkje kl 11.00. Nattverd. Konfirmasjon. Roald Byberg. Geir Palle Haarr.
- Bore kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Sigve Ims. Ove Byberg.

Søndag 21. juli

- Time kyrkje kl 10.30. Dåp. Nattverd. Stein Ødegård. Oddny Underhaug.
- Nærbø kyrkje kl 11.00. Nattverd. Roald Byberg. Geir Palle Haarr.
- Orre kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Sigve Ims. Arne Hadland.

Søndag 28. juli

- Bryne kyrkje kl 10.30. Dåp. Nattverd. Stein Ødegård. Per Olav Egeland.
- Ogna kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Lars Sigurd Tjelle. Geir Palle Haarr.
- Ålgård kyrkje kl 11.00. Nattverd. Dåp. Bjarte Hetlebakke. Organist Sigmund Haaland.
